

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovedutval for kultur, idrett og integrering er sterkt uroa over den akutte økonomiske stoda og mogelege konkursfaren ved Kode. Ein syner vidare til at det er motteke søknad om støtte frå Kode etter koronautbrotet.

Fylkeskommunen har motteke fleire søknader om økonomisk støtte frå kulturaktørar under KULII som følgje av inntektsbortfall etter styresmaktene sine tiltak i samband med koronaepidemien.

Fylkesutvalet vert oppmoda om å prioritere ei ekstraordinær løyving til KODE i samband med behandling av 1. tertialrapport 2020. Hovedutval for kultur, idrett og integrering legg til grunn at midlane ikkje vert tekne frå den delen av årsoverskotet for 2019 som skal gå til tiltak innenfor kultur, idrett og integrering som følge av koronakrisa.»

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil. Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var habil til å delta i saksbehandlinga, men inhabil til å votere over punkta om KODE og gjekk frå under voteringa av desse punkta.

Kjell Håland (A) sette på vegne av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 5

I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.

Alternativ punkt 6

I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å:

- Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast.
- Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien.

Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og inkludering.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største Kunstmuseum, KODE. Hovedutvalet vil på det sterkeste oppmøde regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.»

Det var 14 representantar tilstades under voteringa av punkta som omhandlar KODE.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 fekk 2 røyster (Frp, Pp) og falt mot Håland sitt forslag som fekk 13 røyster (A, SV, V, Sp, MDG, H, R, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 6 fekk 1 røyst (Frp) og falt mot Håland sitt forslag som fekk 14 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, Pp, R) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.
Kollbotn sitt forslag punkt 8 fekk 13 røyster (A, V, Sp, MDG, SV, H, FNB, Pp, R) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (Frp).
Andersen sitt forslag punkt 9 fekk 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R) og falt.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune er uroa for konsekvensane av pandemien for kultur, idrett og frivillighet i Vestland fylke og vil ta medansvar for å dempe verknadane for dei regionale aktørane. Fylkeskommunen sine tiltak, økonomiske eller andre, bør komplementere statlege, kommunale og private ordningar.
 2. Vestland fylkeskommune vidarefører gjeldande ordningar for driftsstøtte og prosjektilskot og vurderer søknadene i høve den til ei kvar tid aktuelle situasjonen.
 3. Vestland fylkeskommune legg til grunn at mottakarar av driftsstøtte opprettheld aktivitet etter verksemda sitt føremål innanfor dei rammer som helgestyresmaktene gjer gjeldande.
 4. Ved handsaming av prosjektilskot skal ein prioritere tiltak som er tilpassa pandemisituasjonen, og tiltak som kan setjast raskt i verk når utbrotet er over.
 5. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen sterkt vurdere økonomisk støtte grunna ekstraordinære driftsutgifter og kompensasjon for dokumenterte tap for regionale kultur- og idrettsaktørar i samband med nedstenginga. Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
 6. I samband med sak om avsetjing av årsoppgjer for 2019 ber fylkestinget fylkesrådmannen vurdere økonomisk støtte for å:
 - Stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande aktivitet innan idrett og friluftsliv. Nyskapande aktivitet og formidling innan kunst og kultur kan også vurderast i denne samanheng, men her vil KUP-midlane også nyttast.
 - Bidra til gjennomføring av tiltak som skal bidra til at frivilligheita kjem attende til aktivitet etter koronapandemien.
- Fylkestinget delegerer forvaltinga av ordninga til hovudutval for kultur, idrett og integrering.
7. Vestland fylkeskommune ber om at staten løyver ekstraordinære midlar tilpassa dei aktuelle utfordringane på kultur-, idrett og inkluderingsfeltet i Vestland og at fylkeskommunen får ansvaret for forvaltinga av desse.
 8. Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke er sterkt uroa for den kritiske økonomiske situasjonen for Norges nest største Kunstmuseum, KODE. Hovudutvalet vil på det sterkeste oppmøde regjeringa og Kulturdepartementet om å medverke økonomisk til å sikre vidare drift av KODE.